



Norges Bygdekvinnelag vil auke kunnskapen om og bruken av kornsorten bygg hjå norske forbrukarar.

Vi håpar ditt lokallag vil vere med og dele ut gratis posar med byggryn i oktober!

Bli med på aksjonsdag 16. oktober 2018

Aksjon for norsk bygg



"Byggkorn – god norsk tradisjon» skal vere ein positiv aksjon for å fremme norsk byggkorn.

I Norges Bygdekvinnelag sin arbeidsplan står at vi skal vere eit talerør for norske forbrukarar og tydeleggjere at trygg og sunn mat er i forbrukaren si interesse.

Med Coop som samarbeidspartnar vil Bygdekvinnelaget setje søkjelyset på byggkorn som ei god norsk råvare.

Coop har i serien Gullbygg utvikla ei rekke norske byggrynsprodukt som er tilpassa forbrukar og gjer det lettare å leve eit sunnare liv.



Bygdekvinnelaget aksjonerer for bygg fordi:

- Bygg er bra for helsa. Byggkornet har eit naturleg høgt innhold av kostfiberet betaglukan. Betaglukan har dokumenterte helseeffekt på kolesterol og blodsukker, og held deg mett lenger.
- Sjølvforsyning. Noreg må både i solidaritet med andre land - og for å trygge eiga befolkning, ha ein eigen matproduksjon.
- Bygg er god norsk tradisjon. Byggkornet har vore ein del av det norske kosthaldet i mange tusen år, og kan dyrkast over store delar av landet. Å løfte fram sunne gode råvarer frå gløymseilen kan skape interesse for matlaging og auka matglede.
- Lokalprodusert er bra for miljøet. Lokal matproduksjon er òg med på å skape levande bygder og lokal økonomi.



Praktisk informasjon om aksjonen

1] 16. oktober vil vi ha med så mange lokallag som mogeleg til å stå utanfor den lokale Coop-butikken for å fremje Gullbygg. Lokallaga delar ut posar som inneheld Gullbyggprodukter og brosjyre med oppskrift. Tysdag 16. oktober er verdas matvaredag, men om det passar betre for ditt lokallag kan de velje å stå utanfor butikken laurdag 13. oktober eller laurdag 20.oktober i staden for.

2] Meld på Bygdekvinnelaget ditt via påmeldingsskjemaet. Dette skal sendast til Norges Bygdekvinnelag. Her fyller du inn både kva Coop-butikk laget vil stå utanfor og kor mange poser de tenkjer å dele ut. Husk å gjere avtale med Coop-butikken, slik at dei får eit godt samarbeid. Dei må vite at dei får ei sending med varer frå Distribusjonspartner som er til dykk og veit kva dag de vil stå der.
Påmeldingsfrist er 6. september!

3] Norges Bygdekvinnelag lagar lesarinnlegg som vert sendt ut til alle lokallag før aksjonen. Lesarinnlegget kan lokallaget tilpasse og sende til si lokalavis.

4] Norges Bygdekvinnelag legg ut saker på Bygdekvinnelaget si heimeside og Facebook-side som dykk kan bruke og dele på eigne sider. Innlegga skal blant anna handle om "kvifor bygg er bra for helsa" og «bygg-ei tradisjonsrik råvare».

5] I aksjonen samarbeider Norges Bygdekvinnelag med Coop. Dei sponsrar oss med byggkornprodukta til aksjon, og gjev oss moglegheit til å dele ut gratis produkt til forbrukar. Coop produserer Gullbygg, og har eit tett samarbeid for å få til gode og ulike produkt av bygg som er næringsrike, gode og lette for forbrukaren å ta i bruk.

NB! Sidan Norges Bygdekvinnelag samarbeider med Coop i denne aksjonen er det berre butikkjeder som er tilknytta dei vi samarbeider med. Coop sine butikkar er: Obs, Extra, Coop Mega, Coop Prix, Coop Marked og Matkroken.

6] Alle lag som er med på aksjonen vil vere med i trekninga av ein fin premie.



Visste du at:

- Mer enn 99 % av bygget vi dyrkar går i husdyra våre.
- Gullbygg er eit byggkorn dyrka i Noreg til menneskeføde. Det kan enkelt erstatte andre mindre sunne råvarer i familien sitt kosthald. Bruk gjerne byggkorn i staden for til dømes ris og pasta.
- Det er den eldste kornsorten vi kjenner, truleg ein av dei eldste kulturplantane vi har. Bygg har gjort at vi har overlevd i fleire tusen år og har bidrige til vi her i nord har klart å utvikle levedyktige samfunn.

Tips til andre aktivitetar for å få merksemd:

- Del ut pose til helse- og omsorgssjefen i kommunen med utfodring om meir matopplæring i skulen og god mat for eldre. Kva med at kommunen får til byggrynets dag 16. oktober.
- Del ut pose til ordførar med oppfordring om å ta vare på matjorda vår og sikre sjølvforsyning.
- Lag gjerne noko av bygg som kan delast ut denne dagen.
- Lag ferdig sak til avis. Husk å legge ved bilet. Send gjerne inn oppskrifter med bygg. Det kan sendast inn før aksjonsdagen slik at det kan stå på trykk den 16. oktober i sam band med verdas matvaredag.
- Inviter lokalpressa til dagen, og inviter dykk sjølv på intervju om aksjonen.
- Ta bilet og legg på facebook og instagram

Bli med!
Påmeldingsfrist 6. september!

16. oktober er verdas matvaredag

Mål 2 i FN sine bærekraftmål sier at vi skal utrydde svolt, oppnå matsikkerheit og betre ernæring, og fremme bærekraftig landbruk innan 2030.

Påmeldingsskjema

Vi vil vere med på aksjonen for norsk bygg

Namn på lokallag:

Kontaktperson i laget:

Kontaktinformasjon til kontaktperson

E-post: _____

Teléfonoummer: _____

Postadresse _____

Namn på Coop-butikken:

Adressa til Coop-butikken:

Kor mange posar vil dykk ha? (sett eit kryss)

- 40
- 80
- 120

* Ein pose skal innehalde matvarer av byggkorn frå gullbygg. Det er opp til laga sjølv å tenkje på kor mange posar ein ønskjer å dele ut. Det kan vere 40, 80 eller 120 posar. Husk at lokallaget sjølv må pakke i posane. Dette vert ei enklare oppgåve enn i fjar sidan ein ikkje må handle varer i butikken, og sidan det er færre varer som skal i posen.

Ønskjer ditt lag å lage smaksprøver til denne dagen? (kryss av)

- Ja
- Nei

(Vi jobbar med å få til sponsing av varer til dette formålet)

Send påmeldingsskjemaet på e-post til: post@bygdekvinnelaget.no
eller i posten til Norges Bygdekvinnelag postboks 9358 Grønland, 0135 OSLO.

